

16/615



Henning Skuggedal

5983 Haugsvær.

29.06. 2016

Masfjorden Kommune

5981 Masfjordnes.

## Søknad om tilskot frå fiskefondet.

Grunneigarane på Kalhovda, Eikemo og Solheim har i ei årrekke prøvd å fiska opp småfisk. Spesielt i Kalhovdavatnet ved hjelp av ruse og garn.

Det som er problemet i Kalhovdavatnet er tilkomst til vatnet. Me må ha ein traktorveg ned til vatnet. Planen er å bygga den der den gamle gangstien var, som er inntekna på kart.

Den gangbrua som kryssa avløpselva frå Kalhovdavatnet, raser snart saman. Dermed vert tilkomsten til vatnet og gangstien ødelagt. Elva har igjennom mange år grave jordkanten vekk. No må det steinsettas eit nytt brukar og litt plastring langst elva.

Me planlegg på same tid ein skogsveg slik at me vert eit spleiselag. Vegen har ein lengde på 220m, den blir konstruert til å tåle traktor med henger. Vegen får da ein fleirbruksverdi.

Me har prøvd med ferskvatn-rusa, det var ingen suksess. No er det tenkt kastenot. Masfjorden Jakt-fisk og Naturvernlag vil bruka vatnet til opplæring for sine medlemmer. Vegen vil heilt klart fremma entusiasmen med ferskvatn fiske. I dag står det skilt rundt vatnet, slik at det er tillatt med all redskap for fiske. Gratis.

Me søker med dette om 60 000 kr. frå fiskefondet til dette arbeidet, for å fremma fiskekultiveringa ,som vil fremma interessa for fiske,når fisken vert større og meir tiltalande,også som matfisk.

Med helsing . Henning Skuggedal

*Henning Skuggedal*